



NY ROCKEFESTIVAL PÅ SOTRA

Festningsrock på Sotra tek over for Periferifestivalen på Glesvær. Lik Periferifestivalen står lokale krefter bak. Festningsrock vert halden på Sotra, nærare bestemt på Fjell festning frå Andre verdskrigen. Kurt Nilsen, Razika (biletet) og Hvitmalt Gjerde er blant dei som skal opptre på Festningsrock.

MCS

scokula

p.



isville, Kentucky og La La Land. Pressefoto

endå nokre hakk. *Good Advice* representerer ei markant orientering mot fullblods, klassisk pop, og det er eit grep som lèt Bulat stå fram med ein ny autoritet som vokalist. Ein kan få kjensla av at ho har lagt frå seg harpa ho hadde i fanget, smurt eit tjukt lag knallraud leppestift på, gått bort til mikrofonen, opna munnen og blåse taket av huset.

MANGE TALENT

Bulat har mange talent, og det stod ikkje på virtuositeten då ho trakterte det eine strenge-

instrumentet etter det andre på *Tall Tall Shadow*. Denne gongen har ho sett seg ned ved tangentane, og det verkar som om dette har utløynt ein ny melodisk energi. Det er fleire referansar her, og alle kjennest rette. Som både Bulat sjølv og mange andre har nemnt, har «Fool» nokre gode dropar Fleetwood Mac i seg. Elles er *Good Advice* prega av eit sabla trøkk. Ein song som «In the Name Of», viser til fulle at James gjorde rett då han bestemte seg for ikkje å spare på noko denne gongen. Produksjonen er raus og tydeleg inspirert av Phil Spector's massive vegg av lyd, slik vi kjenner det frå klassiske hits frå artistar som The Ronettes og The Supremes. Sidan *Tall Tall Shadow* kom, har eg notert meg at Bulat har dukka opp med solide folk som Nick Cave, Sufjan Stevens og Daniel Lanois i ulike samanhengar. Integritet har ho hatt sidan første dag, men kanskje har ho plukka opp eitt og anna om å vere uredd og eigenrådig, kva veit eg. *Good Advice* er i alle fall det beste albumet hennar så langt. Lesar, det er fredag. Treng du ikkje ein dose pop?

ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.



Martin Scorsese vender tilbake til New York i 1970-åra med *Vinyl*.

KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagring@gmail.com

Dramatisk harmonimusikk

Oslo Kammerakademi med nye verk for blåseensemble.



CD

KLEIN, KVANDAL, YUN, ÅM:

Den første

venleiken

OSLO KAMMERAKADEMI.
LAWO 2015

Det tredje albumet til Oslo Kammerakademi er like forvitneleg som dei to fyrste. Byrjinga er dramatisk: *Divertimento for blåseoktett* frå 1940 av den tsjekkiske jøden Gideon Klein (1919–1945), som under krigen blei deportert til konsentrasjonsleiren Theresienstadt. Der var han ein leiande figur i det (innanfor sine strame rammer) blømande musikklivet som nazistane på makabert vis nytta i propagandaaen sin.

Klein overlevde ikkje krigen. I januar 1945, like før Den raude armeen rykte inn, blei han drepen av tyskarane i ein leir like ved Auschwitz. Lenge trudde ein at divertimentoen og brorparten av dei andre verka hans var tapte, men i 1990 dukka det opp ein koffert i Praha som inneheldt bunkar av notar – Kleins komposisjonar som han hadde overlata til venene sine rett før tyskarane tok han.

LYRISK AV KVANDAL

Kleins *divertimento* er nifs og



Oslo Kammerakademi debuterte i 2009 og er no ute med den tredje CD-en sin. Foto frå Facebook

intens, og særleg eggjande er andresatsen *allegretto scherzando*, med kvast dissone-rande melodiar som sprett i alle retningar. Meir lyrisk og hugnadsfylt er andre stykket på plata, *Night Music* (1981) av Johan Kvandal (1919–1999), som var son til komponisten David Monrad Johansen. Det er imponerande korleis Kvandal i opninga av fyrstesatsen (der han siterer eit Mozart-tema) maktar å suga ut maksimal klang or ensemblet. Særleg det songlege sidetemaet til oboen er inderleg vakkert.

POLYFONT AV ÅM

Det nyaste stykket, som har gjeve plata namn, er Magnar Åms (fødd 1952) *den første venleiken* for blåseoktett og kon-

trabass frå 2012. Den livsglade andresatsen, kalla «med min sælaste dans», syner kor godt komponisten meistar polyfon skrivemåte, kunsten å la alle instrumenta spela meningsfylte melodiar samstundes. Dugleiken kjem til sin rett i sistesatsen òg, som ber tittelen «og lyfter meg inn i ei tidlaus forståing», og byrjar med ein prolog for kontrabass solo. Dei andre instrumenta set så inn med vide, lengtande sprang, kontrastert av triller, og danar ein tett vev som ikkje kling tungt, men er gjennomsynleg og hugnadsam heile vegen.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikar og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

Vogga til virtuosieriet

Cellovirtuosen Gaetano Nasillo spelar verdas eldste cellomusik.

CD

ALBOREA, GRECO, LANZETTI, PERGOLES, PERICOLI, PORPORA:



Nel Giardino di Partenope

GAETANO NASILLO, CELLO

(SOLIST); MICHELE BARCHI, CEMBALO; SARA BENNICI, CELLO.
ARCANA 2015

Dei fyrste cellovirtuosane i musikkhistoria dukka opp i Napoli på slutten av 1600-talet, og på turnear i Spania, Austerrike, Frankrike og England gjorde dei det relativt nye instrumentet (fyrste gong nemnd som i Bologna i 1665) allment kjend. Den framifrå barokkcellisten Gaetano Nasillo gjev oss på den nye plata si eit systematisk overblikk over dei tidlegaste napolitanske kammerstykkja for cello

og basso continuo (sistnemnde blir utført av cembalo og ein cello nummer to).

Dei tidlegaste komposisjonane er dei mest interessante, for dei blir sær sjeldan spela – den eldste er frå 1699, ein *Sinfonia* av Rocco Greco (ca. 1650–etter 1718), som er klårt og vakkert komponert. Stykket er sett saman av dansar, slik me kjenner det frå kammersonatane til den skuledanande komponis-

ten i samtida, Arcangelo Corelli.

Cellisten Nasillo spelar med kjælende og mild tone i dei rolege satsane, men har samstundes godt «bit» med bogen i dei kvikke partia. Som bonus på dette albumet får me ein ekstra-CD, ei samlinga av tidlege napolitanske solokonsertar for cello og orkester som Nasillo gav ut fyrste gong i 2005.

SJUR HAGA BRINGELAND



GODT «BIT» I BOGEN: Den italienske barokkcellisten Gaetano Nasillo. Foto: Arcana